



# DEN NORSKE KYRKJA

## Møre biskop

### **FULLMAKTER FRÅ MØRE BISKOP TIL STIFTS DIREKTØREN**

Biskopen gir med dette fullmakt til stiftsdirektøren til å utøve biskopens mynde, til å underteikne, opptre og uttale seg på biskopens vegner slik det går fram nedanfor. Fullmaktene trer i kraft 01.10.2009.

#### Generelt:

1. Stiftsdirektøren kan i prinsippet opptre, uttale seg og underteikne på biskopens vegner i alle saker der det ikkje er føresett at biskopen personleg utøver myndet. Fråsegner må vere i samsvar med biskopens målsetjingar og dei planar og retningslinjer som ligg føre.
2. Stiftsdirektøren må likevel vurdere om det er tenleg for saka eller for embetet at biskopen personleg står fram. Dette gjeld særleg i prinsipielle saker og i saker som kan skape presedens.
3. Stiftsdirektør og biskop skal føre ein løpande dialog slik at begge er oppdaterte om viktige saker, spørsmål og gjeldande siktemål og handlingsplanar.

#### Fullmakter i forvaltningssaker:

4. Stiftsdirektøren har innanfor personalforvaltninga for presteskapet fullmakt til å:
  - a. Innvilge permisjonar og fastsetje ferie for prostane, jf TOB § 2 og Personalreglementet § 18
  - b. Tilsetje vikar for prostane, jf TOB § 2
  - c. Innvilge permisjonar etter Personalreglementet 19, med unntak av permisjonar på bakgrunn av tildelt stipend frå REU, som er delegert til prosten.
  - d. Tilsetje vikarar og ekstrahjelp for prestane for eit tidsrom av 3-6 månader, etter innstilling av prosten, jf Personalreglementet § 2.2. Uordinert vikar må vere godkjend av biskopen. Tilsetjing av vikar i inntil 3 månader er delegert til prosten.
  - e. Fastsetje instruks for prestane etter forslag frå prosten, jf TOM § 14
  - f. Tilretteleggje og organisere arbeidsvegleiing
  - g. Opptre på vegner av biskopen i eigenskap av arbeidsgivar i partsamansette utval og liknande
  - h. Avgjere andre kurante saker innan personalforvaltninga etter behov
5. Stiftsdirektøren har fullmakt til å avgjere saker om stemmerett i anna sokn enn der vedkomande er busett, jf kyrkelova § 4, 2. ledd.

6. Stiftsdirektøren har fullmakt til å avgjere kurante saker som vedkjem kyrkjebygg og inventar og utstyr i kyrkjebygg, jf kyrkelova § 18, og saker om å føre opp bygg nærare kyrkja enn 60 meter, jf. kyrkelova § 21 og departementet sitt delegasjonsbrev av 15.04.2000.
7. Stiftsdirektøren har fullmakt til å avgjere saker om innsyn i kyrkjebøker, jf. delegasjonsbrev frå departementet av 06.09.1996.
8. Også innanfor andre forvaltningssaker kan stiftsdirektøren avgjere kurante saker. Her er særleg tenkt på avgjerder for å sikre effektiv saksbehandling og god tenesteyting i høve til ein annan part.
9. Stiftsdirektøren kan delegere dei fullmakter som her er gitt, til andre i staben. Dette skal i så fall gjerast skriftleg.